

BT 25.10.2010

Blot ved vinternettene

I førkristen tid i Norden var det vanleg å ha eit gjestebod og blot – altså ofring til gudane – ved vinternettene, som var i midten av oktober. Då tok vinteren til, rekna dei. Om våren var det eit tilsvarande blot, og desse to høgtidene skilde mellom sommarhalvåret og vinterhalvåret.

Blot ved vinternettene er nemnt fleire stader i den norrøne litteraturen. I Soga om Viga-Glum er det nemnt eit slikt blot hos ein høvding på Voss. Det skal ha vore eit *dísablót*, altså eit blot til disene, og det kan sjå ut til at haustblotet gjerne var det. Egilssoga fortel om eit disablót på Atløya i Sunnfjord. Disene var eit kollektiv av kvinnelege makter, til dels knytte til kvar ætt som eit slag verneåndar. Den fremste av dei var gudinna Frøya. Det ser ut til at det særleg var kvinner som leidde disablótet.

Dersom vi kan tru på sogene, som dessverre er skrivne 2-300 år etter kristninga, så var haustblotet eit gjestebod der ein samla slekt og vener til eit skikkeleg etegilde med øl og kjøtmat frå dyr som ein slakta særskilt til blotet. Tanken var at ein delte måltidet med gudane (i eit såkalla kommunionsoffer). På den måten styrkte ein gudane, som slett ikkje var allmechtige, slik som den kristne eller muslimske guden, men til slutt bukka under, i kamp med jotnane i ragnarok. Men med offeret blidgjorde ein òg gudane, slik at dei kunne hjelpa oss, menneska, i strevet med å sikra *ár ok friðr*, altså velstand og fred.

I dag verkar det vel framandt – kanskje jamvel barnsleg? – å skulle ”kjøpa” seg dette med blodige offer til gudar og andre makter. Men vi må hugsa på at folk den gongen ikkje levde i eit samfunn der det var materiell overflod og alle slag teknologi som kunne førebyggja ulukker og minimera skaden av dei – som vêrvarsel, motorbåtar, antibiotika og kirurgi. Den tida må menneska ha kjent seg grunnleggjande avmechtige andsynes naturkreftene.

Blotet ved vinternettene kan jamførast med hausttakkefesten i kristen tradisjon: På denne tida er avlinga – gudslånet – kommen i hus, og slaktedyra er på det feitaste. Då kan ein sanneleg både feira og takka og ofra litt av overskotet. Slike skikkar kan minna oss om at samfunn der harmoni og velstand er sjølv sagt, er unntak både historisk og i verda i dag.

Eldar Heide